

JULEFEIRING I LÅGASKARET I 30 - ÅRA.

Arvid Stanghelle



Det er nok på mange vis stor skildnad på tilhøva omkring julefeiringa i barndomen min og slik me no kjenner vår velstands feiring av jula.

I frå 5 års alderen og oppover har eg nokså tydelge og sterke minne om det som hørde jula til.

Førebuingane tok til i god tid føre jul. Me hadde som oftast ein gris og den vart slakta føre jul. Sjølve slaktinga skal eg gå lett forbi, men heller ta med at det var eit heilt styr med å ta vare på og å gjera i stand all den maten som det vart av grisen. All denne tillaginga gjekk føre seg på kjøkkenet, *kjøkjen* heitte det då.

Når arbeidet med slaktet var unnagjort, var det baking som stod for tur og mor mi var bakaren. Det vart baka fleire slag småkaker, eg hugsar best hjortebakkels, sirupssnippar og sandkaker. Men mor hadde eit ekstra godt lag med å baka lefser og flatbrød. Baking av desse slaga gjekk føre seg i kjellaren og lefser og flatbrød vart steikte på bakstehella i gruva i kjellaren. Bakstehella var stor, sikkert minst 80 centimeter i diameter. Eg fekk tidlig vera med mor på dette arbeidet og hadde jobben med å passa elden under bakstehella. Ved hjelp av ein bakstefløy, ein lang rund stav som var tunnare i eine enden, vart dei utkjevla lefsene varsamt lagt utover bakstehella og ved hjelp av ei lita brakabuske vart lefsa lett dynka med vatn. Eg kan hugsa at eg med bruk av ein

tollekniv greidde å utbeta bakstefløyen slik at den vart eit betre og eit meir tenleg reidskap.

Neste arbeidsoperasjon som står tydelig i minne var å vaska rundt i stova. Dette arbeidet var det mor mi og som oftast ei av systrene mine som stod for. I stova var det tømmervegger og med bjelkar i taket, alt utanom golvet og dørene var umåla.

Før vaskinga tok til måtte heile stova ryddast. Møblementet var sparsamt, storabordet, litlabordet, 7 pinnastolar, ein divan, ein litt betre stol og ei seng.

På veggene var der ei veggklokke, eit speil, eit slags maleri av ein dampbåt på fjorden, eit brodert bilete med bibelsk motiv og noko stort meir hugsar eg ikkje. Som ein skjønar var det etter måten lett å rydda stova.

For å få vaska taket vart det henta ei dør i kjellaren, den la dei oppå to bukkar som vart kalla vaskebukkar, og så stod dei oppå denne døra medan dei gjekk laus og vaska taket så vatnet flaut. Etterpå sto veggene for tur til vasking med skurekost, vaskefiller og til slutt ein omgang med tørkevatn. Det var eit husvask av slike dimensjonar at det er berre rimelig at det sette seg fast i minne hjå ein smågut.. Når alt var ferdig, sette vaskarane seg ned ein augneblink og nytte den reine gode lukta som det hadde vorte i stova.

Til jul var det også tradisjon at det vart skifta halm i alle senger. Første natta etter halmskifte vart me då liggjande nokså høgt, men seig ned etter kvart som halmen vart trykt saman.

Eit anna arbeid som høyrde med var å laga ferdig rikeleg med ved til jul, det var far min og brørne mine som stod for dette arbeidet og ettersom eg vaks til var det heilt naturleg å vera med på dette. Me lærde eigentleg tidleg å arbeida og det har kome til god nytte gjennom heile livet.

Rett før jul var det tid for å henta juletre i eigen skog. Far min var ikkje av det slaget som var så særleg nøye på korleis mangt og mykje såg ut, men ein ting var han nøye på og det var at juletreet skulle vera fint og velskapt. Difor var det kjent at i Lågaskaret hadde dei alltid fint juletre.

Juletreet vart pynta julafta, der var kuler og glitter, norske flagg og levende lys. Ellers kan eg hugsa at det vart pynta litt med kristtorn i stova.

Den første julemiddagen eg hugsar noko om var hovudretten lutafisk, men pinnakjøtet kom nokså tidlig inn i biletet. Julemiddagen vart servert etter at fjøsstellet var unnagjort og folk hadde fått vaska og stelt seg

Ved bordet song me alltid eit par julesongar og far min las juleevangeliet, det gjorde eit visst inntrykk på meg at han då var litt høgtideleg og framand i målet. Så var det utdeling av gåver, me sparde heile året for å ha litt til å kjøpa julegåver for.

Den gåva eg husar best var den jula eg var 11 år. Han Birger, bror min, var på den tida i snikkarlære i Hardanger og han hadde laga eit par fine og gode ski til meg. Trevyrke som han brukte til å laga skia av var ask, det var rekna for noko av det beste materialet til å laga ski av. Denne gåva var ei stor og gledelig overrasking for meg og på desse skia sette eg personleg rekord i hopp med 16,5 meter.

Etter utdeling av gåver vart lysa på juletreet tent og me gjekk rundt treet og song dei kjente julesongane. I god tid før jul hadde me øvd oss på å syngja julesongar, syster mi, ho Sigrid, var flink til å passa på det.

Frå første juledag har eg eit spesielt minne. Når eg kom ned i stova hadde ho mor alt fyr opp i ovnen, det var halvmørkt og varmt i stova og det flakkende lyset

frå ovnen gjorde at det glitra i pynten på juletreet. Det syntes eg var utrulig fint og kan aldri gløyma den stemninga der.

Eit anna særskilt minne er knytta til den jula var då Margit, eldste syster mi, i all løyndom hadde sydd nye gardin til stova. Medan far og mor var i fjøset vart dei gamle gardina tekne ned, nye kom opp og då mor kom frå fjøset vart overraskinga stor for henne.

Første juledag var det vanlig at folk heldt seg i ro heime, berre husdyra måtte som vanlig ha sitt stell. Ei ugift syster av far var alltid hjå oss første juledag, kvart år var det ein diskusjon om ho skulle bedast, heller ikkje, men det enda alltid med at ho vart beden og eg trur ho sette pris på det.

Seinare i jula var det litt julebesøk hjå slektninger, der vanka det smørbrød med egg og ansjos, nam nam! Det smaka godt, og etterpå fekk me gode småkaker.

Juletefestar var det fleire av og på den tida var det stor stas. Eg ser med glede attende på mi barndoms julefeiring.